

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo

## **Uttale til forslag om Nasjonal ramme for vindkraft på land**

Eg skriv denne uttalen på vegne av aksjonsgruppa VON - Vern om Nordhordlandsfjella.

VON kom i gang som ein reaksjon på forslaget om å innlemme område 18 i Nasjonal ramme for vindkraft på land, men ikkje minst som ein reaksjon på Norsk Wind Energi AS sine konkrete planar for ei massiv vindkraftutbygging i det same området.

Vi vil derfor gje ein uttale om område 18 og peike på nokre tidlegare vedtak, planar og andre faktorar som gjer området ueigna for vindkraftutbygging.

Først kort om det det generelle. Område 18 spenner frå kystlandskapa i Gulen til landskapsvernområdet Stølsheimen og Vikafjellet i aust. Det er eit område som har teke sin del av ansvaret for energiproduksjon gjennom mange vasskraftutbyggingar, men her fins også nokre av dei siste områda av urørt natur i Hordaland, spesielt i Fjonfjella mellom Masfjorden og Lindås. Store deler av området er også i ferd med å kunne bli klassifisert som biosfæreområde på UNESCO si liste. Område 18 har stor verdi for friluftsliv og rekreasjon og har ei rekke DNT-hytter, og andre hytter og setrer som er i aktiv bruk.

Dette er kuperte fjellandskap, som vil få store irreversible inngrep ved ei vindkraftutbygging. Dagens turbin teknologi, med opptil 250 meter høge vindmøller krev breie og tungt fundamenterte tilførselsvegar og store oppstillingsplassar for vindmøllene. Dette vil gi høge skjæringer, planering av fjelltoppar og store sår i landskapet. I tillegg kjem den visuelle forureininga av møllene, og at fare for iskast i stor grad vil gjere utbyggingsområda utilgjengelege for ferdsel om vinteren.

Her er nokon spesifikke punkt vi vil framheve:

### **Eikefetelvi/Eikefetvassdraget er varig verna**

Eikefetvassdraget har sitt utspring i kystfjella aust for Austfjorden og Masfjorden, ein del av det som også er kjent som Fjonfjella. Det største vatnet i vassdraget er Kupevatnet som ligg godt inne i område 18, og som igjen har tilførsel frå eit stort nedbørsmiljø, mellom anna frå Langevatnet aust for Kupevatnet.

Vernegrunnlaget for Eikefetelvi er i følgje NVEs sider "Urørthet". Det tilseier at vassdraget er i kategori 3 i Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (RPR). For kategori 3 heiter det: "Det er svært viktig å bevare naturens preg av å være lite berørt av moderne menneskelig aktivitet. Alle former for omdisponering av arealer i vassdragsbeltet bør unngås. Vannkvalitet og naturlig vannføring må søkes opprettholdt, og alle former for inngrep som reduserer vassdragets verdi må søkes unngått." Det står også at for å oppnå nasjonale mål for forvaltning av vernede vassdrag må det særlig legges vekt på (som punkt a) å gi grunnlag for å unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø.

Ei vindkraftutbygging her, med både visuell forureining, støy og irreversible naturinngrep i form av vegar og oppstillingsplassar for vindturbinar, vil etter vårt syn vere sterkt i strid med vernevedtaket av Eikefetelvi, og for dei rikspolitiske linjene for verna vassdrag.

### **Masfjorden kommune, vedtak om samla plan for Haugsdalsvassdraget med sideelver(sak 073/00)**

I 2000 vedtok Masfjorden kommune at ein ville at heile området i den aktuelle vassdragsutbygginga skulle plasserast i kategori 2, som uaktuell for utbygging. Grunngjevinga for dette vedtaket har også relevans for dagens vindkraftplanar og for forslaget i den nasjonale

ramma. I vurderinga står det å lese: «Å opna for å kunna søkja konsesjon for kraftutbygging for dette området, meiner rådmannen vil få særer store konsekvensar. Fjønfjella ligg i dag som det einaste urørte området i denne delen av Hordaland med fleire regulerte område rundt seg (...) Slik må det også vera for framtida. Sjølv med dei minste alternativa for eventuell utbygging som er skissert i Samla plan-rapporten, vil denne usynlege grensa verta overskriden, og me opnar med det også for tilsvarende utbygging for alle sideelvane. Då kan me fort missa kontrollen, og kva vert då att?»

I risikovurderinga blir konsekvensane av ei større vasskraftutbygging drøfta: «Då ryk Fjønfjella som det eine urørte villmarksområdet i Hordaland for godt. Og kva misser me med det? Moglegheita til å gje våre born/kommande generasjon eit unikt område, i vårt nærområde, som ikkje er kludra til.»

Desse grunngjevingane og vedtaket frå Masfjorden kommune er etter vår mening relevante og viktige også i dag, når det gjeld vindkraftutbyggingar i område 18.

### **Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021**

Det kan hende denne blir referert til i andre uttalar. Her blir ei rekke områder innanfor område 18 klassifisert som sårbart høgfjell av stor verdi, inngrepssfri natur av stor verdi, eller friluftsområde med stor verdi. Dokumentet er vedlagt.

Ein kommentar til slutt: Vi i VON syns det er underleg og bekymringsverdig at ein privat aktør som Norsk Vind Energi AS set i gang med utbyggingsplanar i område 18 før nasjonal ramme har vore ute verken til uttale eller på høyring.

I dei siste åra har ny turbinteknologi gjort landbaserte vindkraftutbyggingar stadig meir lønnsame. Det er viktig at nasjonale interesser styrer utbyggingar av vindkraft, og at det ikkje blir ei tilfeldig utbygging styrt av private aktørars jakt på best mulig marginar.

Ein viktig grunn til at landbaserte utbyggingar er lønsame er at ein prisar verdien av urørt natur så lågt som ein gjer. Hadde ein sett ein reell prislapp her, ville ein kunne fått ei større interesse i Noreg for havvindprosjekt med flytande turbinar. Vi har verdsleiane kompetanse på offshore-teknologi, kompetanse det kunne vore på tide å ta i bruk på meir berekraftige energiformer enn olje og gass.

Beste helsing  
For VON - Vern om Nordhordlandsfjella

Anders Kjetland

2 vedlegg:

[smakraftplan-etter-vedtak-i-md-webutgave.pdf](#)  
[Masfjorden\\_kommune\\_Samla\\_plan\\_Haugsdalsvassdraget\\_vedtak\\_073/00.pdf](#)